

# Stem for ein betre kvardag



# Gjer kvardagen betre

Den 8. september blir det avgjort kva politikk som skal bli ført i Noreg dei neste fire åra. For oss er det viktigaste å få gjennomslag som gjer kvardagen litt enklare og betre for folk med låge og heilt vanlege lønningar.

SV har dei siste fire åra fått mange gjennomslag for politikken vår.

## Visste du:

- At antal barn som lever i vedvarande fattigdom går ned? Det er fordi SV har sikra ein auke i barnetrygda på 11 000 kr i året for barn over 6 år sidan stortingsvalet i 2021. PS: Det svarer til ein auke på 87 %.
- At fleire barn no få vere med på leiken i SFO? Sidan 2021 har SV rulla ut gratis halvdagsplass for barn på 1.-3. trinn.
- At ei tannhelsereform er på veg? SV har sidan 2021 sørgt for at 550 000 unge vaksne har fått billigare tannhelsetenester. No skal vi rulle ut reforma vidare, slik det ikkje skal koste meir å gå til tannlegen enn til legen for heile befolkninga!
- At det var SV som stoppa gruvedrift på havbotnen?

## Fram mot valet vil SV mellom anna jobbe for å:

- byggje fleire bustader og sikre betre rettar for leigetakarar
- halde fram med å auke barnetrygda
- betre bemanninga i barnehagane våre
- innføre ei samtykkelov
- skape meir grøn industripolitikk i heile landet

Vi håpar du vil bruke stemmeretten din ved valet til hausten. For det betyr noko kven som styrer landet. Om du er samd i at vi bør prioritere folk med låge og vanlege lønningar heller ein dei på toppen, ein fellesskap som er der når ein treng det og kamp for klimaet og miljøet, så bør du stemme SV.

**Sosialistisk Venstreparti**  
Møllergata 4, 0179 Oslo  
21 93 33 00  
[post@sv.no](mailto:post@sv.no)  
[sv.no](http://sv.no)

Bli medlem i  
SV her:

